

JORDSKIFTERETTSMØTE

- Rettsmøtedag:** 11.03.2008
Stad: Slidretun i Vestre Slidre
Sak nr.: 0510-2006-0018 Syndinfjellet
- Saka gjeld:** Krav om sak etter jordskiftelova § 2
- Jordskiftedommar:** Olav Ranum, som einedommar etter jordskiftelova § 9 andre ledd.
- Protokollfører:** Dommaren
- Jordskifteingeniør:** Solveig Gule assisterte retten
- Saka er kravd av:** Trygve Tørstad og Knut Einar Rognes
- Til behandling:**
- 1 Klarleggje problemet som kravet omfattar
 - 2 Klargjere parts- og naboforhold
 - 3 Fremming av saka
- Partar:**
- Eigar av gnr. 1/1, Tomas Aastad
 - Eigar av gnr. 1/2, Odd Helle
 - Eigar av gnr. 1/3, Tøris Helle
 - Eigar av gnr. 1/4, Andres Horge
 - Eigar av gnr. 1/5, Martha Kari Karlsen
 - Eigar av gnr. 1/6, Einar Leithe
 - Eigar av gnr. 1/19, Marit og Harald Stokkebryn
 - Eigar av gnr. 2/1, Torger Hålien
 - Eigar av gnr. 2/2, 7/4, Sigrid og Knut Einar Rognes
 - Eigar av gnr. 3/1, 4/1, Vidar Gullhaug
 - Eigar av gnr. 3/2, Anne Lise Fossum
 - Eigar av gnr. 4/4, Thomas Arne Grythe
 - Eigar av gnr. 4/13, Marit Skeie Windingstad
 - Eigar av gnr. 4/14, Arne Ivar Haugen
 - Eigar av gnr. 5/1, Ola Bakke
 - Eigar av gnr. 6/1, Marit Høyme Tørstad
 - Eigar av gnr. 6/2, Ola Rudi
 - Eigar av gnr. 6/3, Ola K Skjefte
 - Eigar av gnr. 6/4, 9/5, Inger Strand og Terje Bergli
 - Eigar av gnr. 6/6, Anne Talen Øygard
 - Eigar av gnr. 7/1, Torbjørn Høyme
 - Eigar av gnr. 7/2, Anne Lise Rolandsgården
 - Eigar av gnr. 7/5, Normann Helle
 - Eigar av gnr. 7/6, Nina Neståker
 - Eigar av gnr. 7/10, Kjell Bergli
 - Eigar av gnr. 7/15, John Reishaugen d. bu
 - Eigar av gnr. 7/16, Kjell Jørgen Reishaugen
 - Eigar av gnr. 7/18, Lilly Kari Stee Bergli
 - Eigar av gnr. 8/1, 9/3, Gullik Riste
 - Eigar av gnr. 8/2, Gerd R Westerheim

Eigar av gnr. 8/3, Nils Haugen
Eigar av gnr. 9/1, Ola Riste
Eigar av gnr. 28/1, Ingebjørg Stee
Eigar av gnr. 28/2, Ole Jørgen Magistad

Eigedomane ligg i Vestre Slidre kommune.

.....

Retten heva

Slidre, den 11. mars 2008

Olav Ranum (s.)

VEDTAK

Jordskifterett: Valdres
Rettsmøtedag: 13.03.2008
Stad: Slidretun i Vestre Slidre
Sak nr.: 0510-2006-0018 Syndinfjellet

Saka gjeld: Krav om sak etter jordskiftelova § 2

Jordskiftedommar: Olav Ranum, som einedommar etter jordskiftelova § 9 andre ledd.

Saka er kravd av: Trygve Tørstad og Knut Einar Rognes

Til behandling: Fremming av saka

.....

Jordskifteretten gjorde slikt

fremmingsvedtak:

.....

Slutning:

- 1. Kravet om jordskifte blir å fremme.*
- 2. Saka blir å gjennomføre med jordskiftedommaren som einedommar.*

.....

Retten heva

Fagernes, den 13.03.2008

Olav Ranum (s.)

JORDSKIFTERETTSMØTE

Jordskifterett: Valdres jordskifterett
Rettsmøtedag: 18.04.2008
Stad: Slidretun i Vestre Slidre
Sak nr.: 0510-2006-0018 Syndinfjellet - utsett frå 13.03.2008

.....

Retten heva.
Vestre Slidre, 18.04.2008

Olav Ranum (s.)

VEDTAK

Jordskifterett: Valdres jordskifterett
Rettsmøtedag: 19.06.2008
Stad: Retten sitt kontor, Fagernes
Sak nr.: 0510-2006-0018 Syndinfjellet - utsett frå 18.04.2008

Saka gjeld: Sak etter jordskiftelova § 2

Jordskiftedommar: Olav Ranum, som einedommar etter jordskiftelova § 9 andre ledd
Jordskifteingeniør: Solveig Gule assisterte retten.

Forfattar: Dommaren

Saka er kravd av: Trygve Tørstad og Knut Einar Rognes

Til behandling: Avslutte saka

Partar: Eigar av gnr. 1/1, Tomas Aastad
Eigar av gnr. 1/2, Ole Arne Grønolen Helle
Eigar av gnr. 1/3, Tøris Helle
Eigar av gnr. 1/4, Andres Horge
Eigar av gnr. 1/5, Martha Kari Karlsen
Eigar av gnr. 1/6, Einar Leithe
Eigar av gnr. 1/19, Marit og Harald Stokkebryn
Eigar av gnr. 2/1, 4/2, 4/8 og 4/11 Torger Hålien
Eigar av gnr. 2/2, 7/4, Sigrid og Knut Einar Rognes
Eigar av gnr. 3/1, 4/1, Vidar Gullhaug
Eigar av gnr. 3/2, Anne Lise Fossum
Eigarar av gnr. 3/3, Anne Lise Fossum og Cecilie Elise Fossum Webb
Eigar av gnr. 4/4, Thomas Arne Grythe
Eigar av gnr. 4/13, Marit Skeie Windingstad

Eigar av gnr. 4/14, Arne Ivar Haugen
Eigar av gnr. 5/1, Ola Bakke
Eigar av gnr. 6/1, Marit Høyme Tørstad
Eigar av gnr. 6/2, Ola Rudi
Eigar av gnr. 6/3, Ola K Skjefte
Eigar av gnr. 6/4, 9/5, Inger Strand og Terje Bergli
Eigar av gnr. 6/6, Anne Talen Øygaard
Eigar av gnr. 7/1, Torbjørn Høyme
Eigar av gnr. 7/2, Anne Lise Rolandsgården
Eigar av gnr. 7/5, Normann Helle
Eigar av gnr. 7/6, Nina Neståker
Eigar av gnr. 4/15, 7/10, Kjell Bergli
Eigar av gnr. 7/15, John Reishaugen d.bu
Eigar av gnr. 7/16, Kjell Jørgen Reishaugen
Eigar av gnr. 7/18, Lilly Kari Stee Bergli
Eigar av gnr. 8/1, 9/3, Gullik Riste
Eigar av gnr. 8/2, Gerd R Westerheim
Eigar av gnr. 8/3, Nils Haugen
Eigar av gnr. 9/1, Ola Riste
Eigar av gnr. 28/1, Ingebjørg Stee
Eigar av gnr. 28/2, Ole Jørgen Magistad

Eigedomane ligg i Vestre Slidre kommune.

.....

Jordskifteretten gjorde slikt regulerande

vedtak:

.....

Spesielt når det gjeld beite

Beitet er frå før organisert saman med eit større beiteområde. Det blir i samanhengen synt til sak 12/1995 for Valdres jordskifterett, slutta 29. april 1998. Dei reglar som der vart vedtekne, er uendra og gjeld framleis.

.....

Slutning:

1. *Vedtektene for Syndinfjellet grunneigarlag blir fastsett i samsvar med pkt. I nedanfor.*
2. *Interimsstyret i laget blir oppnemnt i samsvar med pkt. II nedanfor.*

I Vedtekter

Vedtekter for Syndinfjellet grunneigarlag

§ 1. SYNDINFJELLET GRUNNEIGARLAG

Syndinfjellet grunneigarlag, nedanfor kalla laget, er eit organisert fellesskap mellom eigarar av eigedomar under gnr. 1 – 9 og 28 i Vestre Slidre kommune. Laget omfattar det arealet som ligg til eigedomane frå Begna elv i nord, gnr. 10 og gnr. 9/2 i aust, Syndin (eller grensa mot Vestre Slidre Statsallmenning) i sør og grensa mot Vang kommune i vest.

§ 2. ANSVAR

Laget er eit eigarlag og har delt og ubegrensa ansvar i samsvar med andelen i laget, jf. § 4 (proratarisk ansvar).

§ 3. FORMÅL OG ARBEIDSOMRÅDE

Laget har som formål å samle grunneigarane for i fellesskap å forvalte jakt, jordbruk, skogbruk og beite i området på ein langsiktig og forsvarleg måte, og som ivaretek medeigarane sine interesser.

Laget har også som formål å legge til rette for faste snøscooterløyper, skiløypetrasear, sykkelløyper og turstiar.

§ 4. EIGARSKAP OG ANDEL

Fylgjande eigedomar er pr. dato medeigarar i laget og har slike andelar:

Gnr	Bnr	Eigar	Areal dekar	Andel i laget %
1	1	Tomas Aastad	2894	10,2
1	2	Ole Arne Grønolen Helle	63	0,2
1	3	Tøris Helle	52	0,2
1	4	Andres Horge	617	2,2
1	5	Martha Kari Karlsen	508	1,8
1	6	Einar Leithe	870	3,1
1	19	Marit og Harald Stokkebryn	428	1,5
2 4	1 2,8,11	Torger Hålien	1034	3,6
2 7	2 4	Sigrid og Knut Rognes	1013	3,6
3 4	1 1	Vidar Gullhaug	1437	5,1

3	2	Anne Lise Fossum	179	0,6
3	3	Anne Lise Fossum og Cecilie Elise Fossum Webb	24,3	0,1
4	4	Thomas Arne Grythe	1349	4,8
4	13	Marit Skeie Windingstad	34	0,1
4	14	Arne Ivar Haugen	130	0,5
4	15	Kjell Bergli	34	0,1
7	10			
5	1	Ola Bakke	1510	5,3
6	1	Marit Høyme Tørstad	2574	9,1
6	2	Ola Rudi	1650	5,8
6	3	Ola K. Skjefte	84	0,3
6	4	Inger Strand og Terje Bergli	196	0,7
9	5			
6	6	Anne Talen Øygaard	125	0,5
7	1	Torbjørn Høyme	1242	4,4
7	15	John Reishaugen d. bu	27	0,1
7	16	Kjell Jørgen Reishaugen	94	0,3
7	18	Lilly Kari Stee Bergli	858	3,0
7	2	Anne Lise Rolandsgården	205	0,7
7	5	Normann Helle	495	1,8
7	6	Nina Neståker	606	2,1
8	1	Gullik Riste	3171	11,2
9	3			
8	2	Gerd R. Westerheim	462	1,6
8	3	Nils Haugen	227	0,8
9	1	Ola Riste	2271	8,0
28	1	Ingebjørg Stee	235	0,8
28	2, 42	Ole Jørgen Magistad	1636	5,8
		Sum	28331	100,0

Eigarskapet i laget er pliktig.

Dersom ein eigedom blir delt, tomtefrådelingar ikkje medrekna, blir den frådelt eigedom automatisk medeigar i laget dersom areal innanfor området fylgjer med den frådelt eigedom. Storleiken på parten skal vera i forhold til arealet på den nye eigedomen. Hovudbruket sin part skal reduserast tilsvarande.

Dersom framtidige grenseavklaringar/ eigeomsavklaringar skulle føre til at arealgrunnlaget blir annleis enn det som er lagt til grunn i denne saka, skal grunnlaget og prosentfordelinga endrast i forhold til avklaringa (-ane). Slik endring er ikkje vedtektsendring, kfr. § 15.

Nye eigeomar kan etter søknad takast opp i laget dersom eigeomane naturleg soknar til området.

§ 5. ARBEIDSÅR OG FORPLIKTELSE

Rekneskaps- og arbeidsåret fylgjer kalenderåret. Innanfor rammene av vedtektene, vedtak og vedteke budsjett blir laget forplikta av leiaren saman med kasseraren.

§ 6. ÅRSMØTE

1. Konstituering

- Årsmøtet er laget si øvste myndigheit. Ordinært årsmøte skal haldast innan 1. mars kvart år.
- Berre medeigarane har rett til å delta på årsmøtet.
- Ein medeigar kan la seg representere ved fullmektig med skriftleg fullmakt. Ingen kan møte med meir enn ei fullmakt.

Årsmøtet blir kalla inn av styret. Innkallinga skal kunngjerast i bladet "Valdres" og med minst to vekers varsel. Saklista skal stå i innkallinga. Innkalling kan sendast på elektronisk form til dei som ber om det.

Når det ligg føre forslag om vedtektsendringar, skal alle medeigarane ha skriftleg innkalling (elektronisk form inkl.) der vedtektsforslaget er lagt ved.

Årsmøtet kan ikkje gjera bindande vedtak i andre saker enn dei som er nemnde i innkallinga. Saker som ein vil ha behandla på årsmøtet, må vera innkomne til styret innan 15.januar.

2. Fleirtalsvedtak

Det enkelte vedtak på årsmøte blir gjort med vanleg fleirtal (simpelt relativt fleirtal) blant dei framømte. Kvar driftseining har ei stemme.

Dersom minst ein medeigar på årsmøtet krev det, skal det brukast gradert stemmerett, jf. § 4 ovafor. Ved val av tillitsvalde skal stemmeretten ikkje graderast. Kvar medeigar har ei stemme, avgrensa til ei stemme pr. driftseining.

Ved skriftleg avstemming blir blanke stemmer rekna som ikkje avgjevne stemmer. Likt stemmetal ved val blir avgjort med loddtrekning. Ved stemmelikheit elles har møteleiaren dobbeltstemme.

Årsmøtet er vedtaksfør når innkallinga har skjedd på lovleg måte.

Fleirtalsvedtak må ikkje påføre nokon medeigar større kostnader og ulemper enn nytte. Vedtaket må heller ikkje føre med seg usakleg skilnad på rettane til fleirtalet og mindretalet. Vedtaket må ivareta fellesskapets vel og ikkje gje urimelege fordelar til fleirtalet til skade for mindretalet.

3. Årsmøtet skal

- velja møteleiar og protokollførar
- godkjenne innkalling, fullmakter og sakliste
- velja to personar som saman med leiaren skal underskrive protokollen
- behandle styret si årsmelding og den reviderte reknskapen
- vedta budsjett for inneverande år
- behandle innkomne saker
- velja leiar for laget, for eit år om gongen
- velja så mange styremedlemer i laget med vararepresentantar som står på val. Desse skal veljast for to år
- velja ein revisor for to år om gongen
- vedta om overskot skal utbetalast og i tilfelle kor stor del av overskotet

4. Årsmøtet kan

- gje retningsliner vedrørende viltstelltiltak, fangstrapportering, jaktutøving o.l.
- vedta reglar om kven som kan utøve jakt på vegne av medeigar
- vedta inndeling av jaktfelt
- vedta bortleige av jakt
- vedta reglar for jakt og prisar for dette, jfr. §§ 10 og 11
- gje retningsliner vedrørende jaktutleige
- behandle planer om trase for faste snøscooterløyper, skiløypetrasear og tilrettelagde tur- eller sykkelstiar
- vedta godtgjersle for tillitsvalde
- vedta samarbeid eller felles prosjekt med naturlege samarbeidspartnarar
- delegere myndigheit og /eller arbeidsoppgåver til styret
- vedta å melde laget inn i eit større samarbeidsorgan
- vedta endringar av bruksordningsreglane, jfr. § 15
- gjera vedtak i andre saker som vedkjem laget

§ 7. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller representantar for 1/3 av andelane krev det, rekna etter reglane for fleirtalsvedtak, jf. § 6.2. Alle medeigarane skal ha skriftleg innkalling, (inkl.elektronisk form). Saklista skal stå i innkallinga. Det kan berre bli gjort vedtak i dei saker som er nemnde i innkallinga.

§ 8. STYRET

1. Samansetjing

Laget blir leia av eit styre på 5 medlemmer, med ein vararepresentant. For at styret skal vera vedtaksfør, må minst fire styremedlemmer vera til stades (evt. vararepresentant). Ved økonomiske avgjerder, skal kasserar vera til stades. Styret vel sjølv blant sine medlemmer kasserar og skrivar.

Styremedlemmer og vararepresentant blir valde for to år om gongen, men likevel slik at to styremedlemmer (etter loddtrekning) står på val etter 1. året.

2. Etter retningsliner frå årsmøtet skal/ kan styret

- arrangere årsmøte, leggje fram årsmelding og revidert rekneskap for forrige år og leggja fram forslag til budsjett og eventuell arbeidsplan for inneverande år
- arbeide for ei rasjonell drift og utnytting av laget i samsvar med formålsparagrafen
- administrere jakta
- vera medeigarane sitt talsorgan overfor offentlege og private organ i areal- og friluftsspørsmål når det gjeld forhold som vedkjem laget sitt interesseområde
- ivareta fellesskapets interesser i utnytting av beite, skog og jordbruksressurser
- inngå avtaler om faste snøscooterløyper, skiløypetrasear og tilrettelagde tur- eller sykkelstiar
- utføre andre oppgåver som årsmøtet pålegg styret

3. Protokoll

Det skal førast møteprotokoll for styremøta. Protokollen skal vera tilgjengeleg for samtlege medeigarar.

§ 9. LEIAR

Leiaren i laget har ansvaret for og fullmakt til å melde laget inn i aktuelle og lovpålagde offentlege register.

§ 10. STORVILTJAKT

Jaktlag bestående av medeigarar eller fleirtal av medeigarar, eller andre som etter årsmøtevedtak kan opptre på vegne av medeigar, skal ha fortrinnsrett til storviltjakt, inkludert rådyrjakt. Likevel slik at ein eigar til fleire bruksnummer berre får ein fortrinnsrett. Det same gjeld der det er fleire eigarar til eit bruksnummer.

Jaktlag som ynskjer å leige jakt, søker styret innan fastsett dato. Melder det seg fleire jaktinteresserte enn det er jakt til, er det opp til styret, etter retningsliner frå årsmøtet, å avgjera kven som får leige jakt.

I den grad det er storvilt- og/eller rådyrjakt som medeigarane ikkje ynskjer å leige, kan styret leige ut denne til utanforstående.

Tildelt jakt kan ikkje overførast til andre utan etter godkjenning av styret.

§ 11. SMÅVILTJAKT

Årsmøtet og styret etter fullmakt frå årsmøtet, administrerer småviltjakta.

Tildelt jakt kan ikkje overførast til andre utan etter godkjenning av styret.

§ 12. SKOGBRUK, JORDBRUK OG BEITE

Årsmøtet og styret etter fullmakt frå årsmøtet, behandlar saker vedkomande skogbruk, jordbruk eller beite som vedkjem laget.

§ 13. INNTEKTER OG UTGIFTER

Inntekter og utgifter skal fordelast i samsvar med andelsforhold i laget, jfr. § 4.

§ 14. INVESTERINGAR/FINANSIERING

Medeigarane er pliktige til å betale inn til laget nødvendig beløp for drift og investeringar i laget. Beløpet skal utliknast i forhold til den enkelte sin andel i laget.

Manglande innbetaling med tillegg for renter, kan trekkast frå ved utbetaling av overskot til den ein skilde medeigar.

§ 15. VEDTEKTSENDRING

Vedtektsendring krev 2/3 fleirtal av avgjevne stemmer, rekna etter andel dersom det blir sett fram krav om det, jfr. § 6, pkt. 2.

Vedtektsendring kan ikkje skje før tre år etter at denne jordskiftesaka er rettskraftig, med mindre slikt vedtak er einstemmig.

§ 16. VARIGHEIT/OPPLØYSING

Oppløysing av laget kan berre skje dersom alle medeigarane stemmer for eller ved nytt jordskifte, og fyrst etter 10 år, jf. jordskifteloven § 4.

II Interimsstyret

Det eksisterande styret i Syndinfjellet grunneigarlag blir oppnemnt som interimsstyre i grunneigarlaget.

Interimsstyret har ansvaret for å drive og administrere laget i samsvar med vedtektene. Leiaren er ansvarleg for å kalle inn til fyrste ordinære allmøte. Det fyrste allmøtet skal haldast innan 1. mars 2009.

Andre avgjerder

III Formue og gjeld

Formue og gjeld som høyrer til grunneigarlaget Syndinfjellet/Riste-Vang grense blir å overføre til det nye laget når denne jordskiftesaka er rettskraftig, kfr. VI. Kasseraren i interimsstyret er ansvarleg for dette.

IV Vedtektene

Eksisterande vedtekter for grunneigarlaget Syndinfjellet/Riste-Vang grense opphører når denne jordskiftesaka er rettskraftig, kfr. VI. Kasseraren i interimsstyret er ansvarleg for dette.

V Jordskiftekostnadene

.....

VI Ikraftsetjing

Saka blir sett i kraft frå dato for rettskraft.

VII Tinglysing

Saka blir å tinglyse på desse eigedomane:

Gnr. 1, bnr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 19

Gnr. 2, bnr. 1, 2

Gnr. 3, bnr. 1, 2, 3

Gnr. 4, bnr. 1, 2, 4, 8, 11, 13, 14, 15

Gnr. 5, bnr. 1

Gnr. 6, bnr. 1, 2, 3, 4, 6

Gnr. 7, bnr. 1, 2, 4, 5, 6, 10, 15, 16, 18

Gnr. 8, bnr. 1, 2, 3

Gnr. 9, bnr. 1, 3, 5

Gnr. 28, bnr. 1, 2

Alle eigedomane ligg i Vestre Slidre kommune.

.....

Saka slutta. Retten heva.

Fagernes, den 19. juni 2008

Olav Ranum (s.)

Rett utdrag: